



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Birgit Sundbø Hagalid, 51568891

## Tildelingsbrev NMSK skogkultur, vegbygging og drift 2022

NMSK-ordninga skal stimulerer til auka verdiskaping i skogbruket, jamfør NMSK-forskrifta<sup>1</sup>. For 2022 har Rogaland fått tildelt 2,9 millionar til vegbygging og drift, og 2,5 millionar til skogkultur. Rogaland hadde ein unytta sum på 600 000 for skogkulturtilskot i 2021. Denne blir overført til 2022.

### Prioriteringar for skogkultur 2022

- Sikre forynging etter hogst for å oppretthalde og auke skogproduksjonen.
- Auke oppfølging av plantefelt gjennom supplering, vegetasjonskontroll, ungsogpleie mm.
- Ha gode rutinar for å informere skogeigar om rettigheter og plikter før og etter hogst, mellom anna skogfond, tilskot og foryngingsplikta.
- Utarbeide og følgje opp kommunen sin NMSK-strategi for skogkultur.

### Prioriteringar for vegbygging og drift 2022

- Auke skogsvegbygging med hovudplan for skogsvegar og felles retningslinjer for tilskot som styringsreiskap.
- Følgje opp eksisterande vegprosjekt og sikre framdrift i prosjekta. Løyvde midlar/ansvar i ØKS er no på 8 millionar.
- Slutføre gamle vegprosjekt og trekke inn midlar til prosjekt som ikkje blir realiserte.
- Slutføre arbeidet med hovudplan for skogsveg i kommunar der dette ikkje er gjort.
- Førehandsgodkjenne taubane og driftstilskot. Etterkontroll av taubanedrifter.

<sup>1</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-447>



## Tildeling av NMSK-midler 2022

Midlane for 2022 er fordelt til kommunane basert på kommunane sine NMSK-strategiar, felles retningslinjer for tilskot til skogsveggar og taubane o.a., og kommunane sine aktivitetsbudsjett etterspurd i brev datert 3. januar 2021. 17 av 23 kommunar sendte inn budsjett for 2022.

Tabell 1. Kommunevis tildeling av NMSK-midler til skogkultur og vegbygging og drift i Rogaland 2022.

Kommune	Skogkultur	Vegbygging og drift
Rogaland	3 100 000	2 900 000
Bjerkreim	90 000	-
Bokn	10 000	-
Eigersund	140 000	-
Gjesdal	50 000	-
Haugesund	90 000	-
Hjelmeland	480 000	300 000
Hå	-	-
Karmøy	55 000	-
Klepp	40 000	-
Kvitsøy	-	-
Lund	135 000	-
Randaberg	-	-
Sandnes	140 000	80 000
Sauda	190 000	-
Sokndal	50 000	400 000
Sola	-	-
Stavanger	-	-
Strand	290 000	250 000
Suldal	200 000	400 000
Time	45 000	-
Tysvær	200 000	470 000
Utsira	-	-
Vindafjord	495 000	400 000
<b>Sum tildeling kommunar</b>	<b>2 700 000</b>	<b>2 300 000</b>
Tildeling prosjekter	200 000	-
Disponibelt for tildeling gjennom året	200 000	600 000

### Kommentar tildeling skogkultur og andre tiltak i 2022

For heile landet er det sett av 85 millionar kroner til skogkultur og andre tiltak i 2022.

Rogaland er tildelt ei ramme på 2,5 millionar, i tillegg til ein unyttta sum på 600 000 frå 2021 som er overført til 2022. Av den totale ramma på 3,1 millionar er 2,7 millionar fordelt til kommunane (tabell 1). Det er heldt att 200 000 kroner til fordeling gjennom året til tiltak som ikkje er meldt inn og kommunar som ikkje har fått ordinær tildeling. Det pågår to pådrivarprosjekt i Ryfylke og Haugalandet og totalt 200 000 kroner er løyvd til desse.



### Kommentar tildeling vegbygging og drift 2022

For heile landet er det sett av 103 millionar kroner til vegbygging, drift med taubane, hest o.a. i 2022. Rogaland er tildelt ei ramme på 2,9 millionar. Av den er 2,3 millionar fordelt til kommunane (tabell 1). Skogsbilvegar klasse 3 og 4 som blir bygd i tråd med hovudplan for veg og gjennomført med profesjonell vegplaneleggjar er prioriterte. Det er heldt att 600 000 til fordeling gjennom året til vegprosjekt som ikkje er meldt inn og taubanedrifter.

Sjå eige vedlegg om rutinar for sakshandsaming etter NMSK-forskrifta i ØKS (vedlegg 1).

### Kontroll

- Kommunane må kontrollere minimum 10 prosent av skogkulturinvesteringane. Desse skal samsvare med bestemmingane i NMSK-forskrifta.
- Alle veganlegg skal godkjennast før sluttutbetaling. Kommunen skal nytta kontrollskjema for resultatkontroll (skjema LDIR-913 N/B).
- Alle taubanedrifter og tiltak som får driftsstøtte skal kontrollerast før utbetaling av tilskotet, jamfør «Felles retningslinjer for tilskot til skogsvegar og taubane o.a.».

### Fristar og rapportering NMSK skogkultur og vegbygging og drift

- 01.06.22: Frist for å melde inn ekstra behov for tilskot til skogsveg og taubane/drift.  
Landbruksdirektoratet har halde att ein pott til vegbygging og drift. Kommunane må sende inn oversikt over ekstra behov. Rapportane legg grunnlag for eventuell ekstratildeling til Rogaland.
- 01.09.22: Frist førebels rapport forbruk og behov NMSK-midlar til skogkultur  
I løpet av året er det behov for omprioritering av midlar til skogkultur mellom kommunar. Førebels rapport om forbruk av midlar og forventa forbruk av tilskot ut året legg grunnlag for omprioriteringa.
- 15.11.22: Registrere behov for tilskot til nye vegprosjekt i 2023 og oppdatere vegprosjekt i Vegbanken i ØKS.  
Vegbanken i ØKS blir brukt som grunnlag for å søke om tildeling av midlar for 2023. Søknadsfristen for Statsforvaltaren til Landbruksdirektoratet 20. november 2022.
- 30.11.22: Alle utbetalingar for godkjente tilskotssøknadar må vere registrert i ØKS
- Januar 2023: Frist rapportering forbruk av midlar 2022 og budsjett for 2023  
Rapporteringsskjema og budsjettmal blir sendt ut i forkant. Budsjettet legg grunnlag for fordeling av NMSK-midlar i 2023.



## Føringar for bruk av NMSK-midlane i 2022

Skogpolitikken har tydeleg fokus på auka verdiskapinga i skogbruket med klare målsettingar om auka skogproduksjon og å bygge kvalitetsskog. Kommunane er fyrsteline for både skogkultur og infrastruktur, og har ein nøkkelrolle for å nå måla.

### Føringar for skogkultur

God utnytting av tilskota: Tilskot er eit verktøy for å auka aktiviteten. Det kan gjerast ved å:

- prioritere tilskot til tiltak som gir god utteljing for kvar tilskotskrone.
- utnytte alle tilskotsordningar; kommunale, regionale og nasjonale.
- følgje opp at kostnader for skogkulturtiltak ligg på riktig nivå.
- vurdere å justere høge tilskotssatsar for meir effektiv utnytting av midla.
- vurdere å harmonisere tilskotssatsane med nabokommunane.

NMSK-strategi for skogkultur: Kommunane skal ha eigne retningsliner for prioritering av søknadar om tilskot til skogkultur, jamfør § 3 i NMSK-forskrifta. Kommunar med aktivt skogbruk må ha eigen NMSK-strategi. Ved revisjon av NMSK-strategien bør kommunane vurdere om tilskotssatsane er på eit riktig nivå. Rogaland har mal som kan nyttast ved utarbeiding av NMSK-strategi (vedlegg 2).

Anbefalte kostnadsnivå for skogkulturtiltak: *Anbefalt kostnadsnivå for skogkulturtiltak i Rogaland skal gjenspeile kva som er skogfagleg tilrådde kostnader for ulike skogkulturtiltak og sikre mest mogleg lik praktisering i kommunane (vedlegg 3). Satsane er retningsgjevande og ikkje absolutte. Anbefalingane blir vurdert årleg og revidert ved behov.*

### Føringar for vegbygging og drift

Manglande infrastruktur er ein av dei største flaskehalsane for effektiv utnytting og tilkomst til skogareala, og eit av dei høgast prioriterte tiltaka i Skogmeldinga, Kystskogmeldinga og Handlingsplan for skogbruket i Rogaland. Innsatsen bør rettast mot mobiliseringsarbeid for å drive fram gode fellesløysingar i tråd med hovudplanen for skogsvegar.

Felles retningsliner for prioritering og tildeling tilskot: *Felles overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubane o.a. (vedlegg 4) skal vere styrande for prioritering av tilskot og forvaltning av tilskotsordninga, og er gjeldande frå 1. januar 2020.*

Hovudplan for skogsvegbygging: Dei fleste kommunane har utarbeida hovudplanar for skogsvegbygging. Denne er ein føresetnad for tildeling av tilskot i våre største skogkommunar. Kommunar som endå ikkje har slutført arbeidet må gjere dette snarast råd.

Vegplaneleggjarkompetanse: Me oppfordrar kommunane til å nytte tilgjengelege vegplaneleggjarkompetansen Kristofer Tveiterå, Hjelmeland kommune. Det blir arbeidd med vidareføring av prosjektet med 3 nye år frå og med 2022.

Sikre framdrift i vegprosjekta: Kommunane sitt ansvar for allereie tildelte midlar på skogsvegar er stort. Me ber kommunane sikre framdrift og rydde i gamle vegprosjekt for å få desse slutført. De finn oversikt over alle aktive vegprosjekt i ØKS.

Tilskot til taubane: Me viser til felles retningsliner for *Felles overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubane o.a. (vedlegg 4)* der mellom anna krav til førehandsgodkjenning av alle driftstilskot og etterkontroll gjeld alle taubanedrifter som søker tilskot. Me vil ha fortløpande kopi av alle førehandsgodkjenningar for best mogleg oversikt over tilskotsbehovet gjennom året.



## Andre tilskotsordninger i skogbruket

### Tilskot til miljøtiltak i skog

Tilskot til miljøtiltak i skog er heimla i NMSK-forskrifta § 6. Ramma for miljøtilskot er nasjonal og tilskot til miljøtiltak blir ikkje belasta kommunane si tildelte ramme. Ordninga har vore lite brukt og innretninga er no under utgreiing. **Kommunane må vere førebudd på at ordninga vil kome i ny innpakning i løpet av 2022.**

### Tilskot til skogbruksplanlegging

Rogaland har ikkje bedt om tilskot til skogbruksplanlegging i 2022, men det er sett av midlar til gjennomføring av områdetakst i Tysvær kommune. Statsforvaltaren er vedtaksmynde for denne ordninga og utarbeider hovudplan for skogbruksplanlegging i Rogaland.

### Tilskot til tettare planting, suppleringsplanting og gjødsling av skog

Kommunen forvaltar ordningane i tråd med reglane i NMSK-forskrifta og fastsette miljøkrav. Midla inngår i ein felles pott for heile landet, og Landbruksdirektoratet har sett felles tilskotssatsar og fristar på grunnlag av tildelinga og forventa aktivitet. Dersom søknadsmengda er større enn tildelinga, kan satsane bli redusert. For seint innkomne søknader bli ikkje tildelt tilskot.

#### Tilskotssatsar og fristar 2022:

- Gjødsling av skog: 50 % tilskot. Frist 15. september.
- Tettare planting ved nyplanting: 60 % tilskot. Frist 1. september og 25. november.
- Suppleringsplanting: 30 % tilskot. Frist 1. september og 25. november.

De finn elles oppdatert informasjon om skogbruksforvaltning i Rogaland på nettsidene til Statsforvaltaren i Rogaland under temaet Skogbruk.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Landbruk-og-mat/Skogbruk/>

Med helsing

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

Birgit Sundbø Hagalid  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

#### Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - Sakshandsaming tilskot gjennom NMSK-ordninga 2022
- 2 Vedlegg 2 - Mal NMSK-strategi
- 3 Vedlegg 3 - Anbefalt kostnadsnivå for skogkulturtiltak i Rogaland\_revidert2021
- 4 Vedlegg 4 - Felles overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubane\_2020



## Adresseliste:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund